



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

# Prop. 25 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2023 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 24. november 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2023 under programkategoriane 17.10 Forvaltning og rammeføresetnader, 17.20 Forsking og innovasjon, 17.30 Markedsadgang og eksport, 17.40 Statleg eigarskap og 33.40 Arbeidsliv.

auke løyvinga med 900 000 kroner mot ein tilsvarende auke av inntektene, jf. omtale under kap. 3900, post 01. Ein viser òg til at departementet har fullmakt frå Stortinget til å overskride driftsutgiftene under kap. 900, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3900, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 29,1 mill. kroner, til 496,8 mill. kroner.

### 2 Forvaltning og rammeføresetnader

#### Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga skal mellom anna dekkje utgifter til løns- og pensjonsutgifter, husleige, reiseutgifter, administrative fellesutgifter og mindre investeringar. Frå og med 2023 er husleiga Nærings- og fiskeridepartementet betalar for sine lokalar redusert. Av dette gjeld om lag 30 mill. kroner reduksjonar som Nærings- og fiskeridepartementet tidlegare har fått ekstra løyvingar for.

Departementet mottok gjennom året inntekter som stammar frå honorar som skal dekkje utgifter knytt til deltaking i valgkomitéarbeid i eigde selskap. Departementet gjer derfor framlegg om å

##### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga skal dekkje utgifter til tenester, oppdrag og prosjekter som er viktige for departementets arbeid, men som departementet ikkje har kapasitet eller kompetanse til å utføre sjølv.

Nordlaks Oppdrett AS påklaga i desember 2018 og januar 2019 Mattilsynet sitt vedtak om tvangsmulkt i samband med brot på lakselusgrensa. Nærings- og fiskeridepartementet omgjorde 13. august 2023 Mattilsynet sitt vedtak om tvangsmulkt av 19. november 2018. I tillegg til tilbakebetaling av tvangsmulka kjem avsavnsrenter frå tidspunktet for innbetaling. Til saman er det gjort ein eingongsutbetaling til Nordlaks Oppdrett AS på 1 886 000 kroner, men det er ikkje gitt løyving på kap. 900, post 21 til å dekkje denne type kostnader.

Kap. 900, 903, 904, 906, 907, 910, 912, 916, 917, 919, 920, 922, 923, 924, 926, 940, 952, 953, 2421, 2426, 2429, 2440, 2460, 2540, 3900, 3903, 3906, 3908, 3910, 3912, 3917, 3923, 3926, 3935, 3950, 3952, 3955, 5325, 5329, 5440, 5460, 5574, 5613, 5614, 5625, 5628, 5629

Derfor gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga blir auka med 1,9 mill. kroner.

Norsk deltaking i OECD sitt prosjekt «Measuring and projecting the ocean economy and its innovation potential for improved sustainability» blir administrert av Noregs forskingsråd, og utgiftene bør budsjetterast der. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga på kap. 900, post 21 blir redusert med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 920 Noregs forskingsråd, post 51 Tilskot til marin og maritim forskning.

I statsbudsjettet for 2023 er det eit interdepartementalt spleiselag på ein del av det norske bidraget til sekretariatstenester for Havpanelet. Seks departement inkludert Nærings- og fiskeridepartementet bidreg med 567 000 kroner kvar, til saman 3,46 mill. kroner. Som følge av at fleire land har komme til som bidragsytarar, blir dette bidraget redusert til 2 mill. kroner. Det blir derfor gjort framlegg om å tilbakeføre 234 000 kroner til departementa i spleiselaget. Då vil alle seks departement bidra med 330 000 kroner i 2023.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,9 mill. kroner, til 44,1 mill. kroner.

#### *Post 71 Miljøtiltak Raufoss*

For 2023 er det løyvd 4,2 mill. kroner til refusjon av utgifter til pålagde miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining på Raufoss og i Mjøsa. Basert på oppdatert informasjon vil det samla behovet utgjere 5 mill. kroner i 2023. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner, til 5 mill. kroner.

#### *Post 85 Midlertidig kompensasjonsordning for føretak med stort omsetningsfall som følge av koronapandemien, overslagsløyving*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 12 mill. kroner, til 15 mill. kroner. Endringa er basert på etterkontroll av innvilga søknadar, der krav om tilbakebetaling er omgjort.

### **Kap. 3900 Nærings- og fiskeridepartementet**

#### *Post 01 Ymse inntekter og refusjonar knytt til ordinære driftsutgifter*

Nærings- og fiskeridepartementet mottok gjennom året inntekter som stammar frå honorar som

skal dekkje utgifter knytt til deltaking i valgkomitéarbeid i eigde selskap. Departementet gjer derfor framlegg om å auke løyvinga mot ein tilsvarande auke av driftsutgiftene, jf. omtale under kap. 900, post 01. Ein viser òg til at departementet har fullmakt frå Stortinget til å overskride driftsutgiftene under kap. 900, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3900, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 900 000 kroner, til 1,1 mill. kroner.

#### *Post 70 Garantipremie frå garantiordning luftfart*

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 blei posten redusert til 500 000 kroner som følge av at debitorar under ordningane er i misleghald. Det er ikkje lengre nokre garantier under ordninga. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 500 000 kroner, til 0 kroner.

### **Kap. 903 Norsk akkreditering**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Norsk akkreditering sine prognosar for 2023 tilseier eit meirforbruk på i overkant av 5 mill. kroner. Normalt skulle dette innebere tilsvarande auka inntekter. Som følge av langvarige sjukemeldingar, fleire oppseiingar og fleire nyttilsette som treng opplæring før dei kan utføre inntekts-gjevande oppgåver fullt ut, viser prognosane at inntektene berre vil auke med i overkant av 3 mill. kroner. Ein viser til nærare omtale under kap. 3903, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til 63,3 mill. kroner.

### **Kap. 3903 Norsk akkreditering**

#### *Post 01 Gebyrinntekter og andre inntekter*

Begrensa tilgang på interne ressursar gjer at Norsk akkreditering vil ha noko færre inntekts-gjevande oppdrag i 2023 enn etaten elles ville hatt. Etaten har hatt fire langvarige sjukemeldingar og tilsett fire nye sakshandsamarar i år som treng opplæring før dei fullt ut kan utføre gebyrbelagt verksemd. Det første inneber at ein må kjøpe dyrare tenester til å utføre akkrediteringsoppdrag – i den grad dei er tilgjengelege – enn om dei hadde blitt utført av etaten sine egne tilsette. Det siste medfører lågare inntekter enn etaten ville

hatt i ein meir normal situasjon. Til saman inneber dette at inntektene til Norsk akkreditering ikkje vil auke like mykje som utgiftene i 2023.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner, til 51,7 mill. kroner.

### **Kap. 904 Brønnøysundregistra**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner, til 454,9 mill. kroner. Endringa kjem av redusert behov for sakshandsaming og rettleiing i registret over reelle rettshavarar. Registeret blir ikkje satt i drift i 2023.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner, til 58,2 mill. kroner. Endringa kjem av redusert omfang i delprosjektet «Rett frå start», som er ein del av programmet Framtidas innkrevjing.

### **Kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard**

#### *Post 30 Sikrings- og miljøtiltak, kan overførast*

Løyvinga blir nytta til sikring av farlege gruveopningar, tiltak for å redusere forureiningar frå gamle gruver og vedlikehald og kontroll av tidlegare gjennomførte tiltak. Direktoratet har hatt lågare kapasitet enn forutsett i 2023, noko som har medført at enkelte aktivitetar ikkje har latt seg gjennomføre som planlagt. Departementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner, til 8,5 mill. kroner.

### **Kap. 3906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard**

#### *Post 02 Handsamingsgebyr*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 300 000 kroner, til 1,1 mill. kroner. Meirinntekta kjem som følge av auka interesse for mineralverksemd i Noreg.

### **Kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Tilsetjingsprosessar ved Norsk nukleær dekommisjonering har teke lengre tid enn planlagt, mellom anna på grunn av utfordringar med tilgang på kvalifiserte søkarar. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til 111,4 mill. kroner.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga finansierer oppryddingsprosjekt i regi av Norsk nukleær dekommisjonering og Institutt for energiteknikk. Fleire av prosjekta har hatt lågare framdrift enn føreset. Ei rekke anskaffingar har teke lengre tid enn planlagt, mellom anna pga. Ukrainakrigen og følger av koronapandemien. Det har òg vore utfordringar med å få tilgang på eksterne ressursar med relevant kompetanse og naudsynte tryggleiksklareringar. I tillegg har det vore naudsynt å omprioritere ressursar for å følge opp pålegg og krav frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, og godkjenningssprosessar for prosjekt knytt til brukt brensel har teke lengre tid enn planlagt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 130 mill. kroner, til 215 mill. kroner.

### **Kap. 3908 (nytt) Institutt for energiteknikk**

#### *Post 80 Renter*

Hausten 2022 vart det inngått låneavtale med Institutt for energiteknikk om lån til flytting av laboratorier og infrastruktur. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om ei løyving på 300 000 kroner i renteinntekter frå Institutt for energiteknikk.

### **Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Med bakgrunn i auka inntekter gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke i løyvinga med 9,5 mill. kroner, til 483,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3910, post 03.

### Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet

#### *Post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR*

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere gebyrinntektene med 7,2 mill. kroner. Årsaka er mellom anna færre byggjemeldingar og nybygg som blir forsinka/kansellert. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 7,2 mill. kroner, til 226 mill. kroner.

#### *Post 03 Ymse inntekter*

Inntektene gjeld mellom anna refusjonar frå andre, mellom anna Petroleumstilsynet, Noregs Forskningsråd, samt midlar frå Klima- og miljødepartementet. Sjøfartsdirektoratet ventar samla inntekter på om lag 10 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 9,5 mill. kroner, til 10 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 910, post 01.

#### *Post 04 Gebyr for skip i NIS*

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke gebyrinntektene med 3,8 mill. kroner. Årsaka er mellom anna antall nyregistreringar. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,8 mill. kroner, til 70,3 mill. kroner.

### Kap. 912 Klagenemndssekretariatet

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Posten blei oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett 2023 då det blei løyva 565 000 kroner for å dekkje eit saksomkostningskrav ovanfor Energiklagenemnda. Vidare samtykka Stortinget i at Nærings- og fiskeridepartementet kan overskride løyvinga for å dekkje eventuelle saksomkostningar knytt til endring av innklaga vedtak til fordel for ein part i medhald av forvaltingslova § 36, i saker som blir handsama av nemnder som Klagenemndssekretariatet betener.

Per primo oktober har det blitt fatta vedtak om dekning av slike saksomkostningar på til saman 648 000 kroner. Det er uklart om det vil bli fatta fleire vedtak om dekning av slike utgifter i løpet av året, og i så fall kor mykje som vil bli dekt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 135 000 kroner, til 700 000 kroner.

### Kap. 3912 Klagenemndssekretariatet

#### *Post 87 Lovbrotsgebyr*

Inntektene gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er pålagt brotsgebyr. Det er gitt brotsgebyr i 18 klagesaker og innbetalt om lag 11,6 mill. kroner per utgangen av september. Det er usikkert om det vil kome fleire innbetalningar i løpet av året, og i så fall kor mykje som vil bli innbetalt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner, til 11,6 mill. kroner.

### Kap. 916 Kystverket

#### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45*

Det er sett av midlar til Kystverkets digitaliserings tiltak både under post 01 Driftsutgifter og under post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald. Ettersom ein større andel av utgiftene enn føreset har kome på post 01, er det behov for å flytte 42 mill. kroner frå post 45 til post 01. Post 01 og 45 har stikkorda «kan nyttast under».

Ein viser til omtale under kap. 922, post 71 om meirkostnad knytt til Radarsat-avtalen grunna valutauke. Kystverket er ein av brukaretatane av satellittdata frå avtalen. Departementet gjer framlegg om at 328 000 kroner av auka blir inndecka ved å redusere driftsløyvinga til Kystverket.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med netto 41,7 mill. kroner, til 2 303,5 mill. kroner, jf. òg omtale under post 45.

#### *Post 30 Nyanlegg og større vedlikehald, kan overførast*

1. januar 2023 blei ansvaret for fiskerihamnene tilbakeført til staten ved Kystverket. Kystverket har mellom anna forplikingar for tilbakebetaling til dei kommunane som har forskottert gjennomføring av fiskerihamnetiltak etter avtale. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 35,2 mill. kroner, til 726 mill. kroner, jf. omtale under post 60.

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 01*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 42 mill. kroner, til 161,5 mill. kroner, jf. omtale under post 01.

*Post 60 Tilskot til fiskerihamneanlegg, kan overførast*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 35,2 mill. kroner, til 1,7 mill. kroner, jf. omtale under post 30. Kystverket kan innfri forpliktingane på posten i 2023 med overført løyving frå 2022.

*Post 71 Tilskot til effektive og miljøvennlege hamner, kan overførast*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 29,5 mill. kroner, til 89,5 mill. kroner.

Tilskotsordninga for overføring av gods frå veg til sjø blei avvika gjennom Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett 2023. I samband med dette blei ubrukt løyving frå 2022 på 29,5 mill. kroner på post 70 Tilskot til overføring av gods frå veg til sjø, overført til post 71 Tilskot til effektive og miljøvennlege hamner. Desse midla vil ikkje bli utbetalt i 2023, og departementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga. Vidare gjer departementet framlegg om å auke tilsegnsmakten på posten tilsvarande, jf. forslag til vedtak III, 1.

## **Kap. 917 Fiskeridirektoratet**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Ein viser til omtale under kap. 922, post 71 om meirkostnad knytt til Radarsat-avtalen grunna valutaauke. Fiskeridirektoratet er ein av brukaretatane av satellittdata frå avtalen. Departementet gjer framlegg om at 55 000 kroner av auka blir inndekka ved å redusere driftsløyvinga til Fiskeridirektoratet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 55 000 kroner, til 499 mill. kroner.

*Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast*

Løyvinga blir finansiert av inntekter frå fiskeriforskningsavgifta. Avgifta skal dekkje delar av kostnadene ved å skaffe naudsynt kunnskapsgrunnlag

for fiskeriforvaltinga, til å forebyggje marin forsøpling frå fiskerinæringa og rydde tapte fiske-redskap.

Som følge av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, til 140,8 mill. kroner.

Ein viser òg til omtale under kap. 5574, post 74.

## **Kap. 3917 Fiskeridirektoratet**

### *Post 05 Sakshandsamingsgebyr*

Som ei følge av endra anslag for inntektene frå gebyr på akvakultursøknadar gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 28,3 mill. kroner.

### *Post 13 (ny) Inntekter frå sal av løyve til oppdrett*

I 2022 blei det gjennomført auksjon av løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. Regjeringa vedtok å gjennomføre ein tilleggsauksjon hausten 2023 for å auksjonere ut det volumet som ikkje blei seld hausten 2022. Tilleggsauksjonen blei gjennomført i oktober 2023, og det totale vederlaget frå tilleggsauksjonen blei på 1 513,9 mill. kroner.

Vederlaget blir delt mellom staten, kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd. I samband med handsaminga av Prop. 78 LS (2022–2023) vedtok Stortinget at den kommunale delen frå inntektene frå sal av ny kapasitet skulle aukast frå 40 til 55 pst.

Ein viser òg til omtale under kap. 919, post 60.

Som ei følge av inntektene frå tilleggsauksjonen gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 1 513,9 mill. kroner.

### *Post 86 Forvaltningssanksjonar*

Løyvinga gjeld tvangsmulkt og straffegebyr knytt til fiskeri- og havbruksverksemd. Fiskeridirektoratet anslår ei mindreinntekt i løpet av 2023. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, til 4 mill. kroner.

## **Kap. 919 Ymse fiskeriføremål**

### *Post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar*

Posten gjeld utbetaling av provenyet frå produksjonsavgifta i 2022 og delen til kommunane og

fylkeskommunane frå vederlag frå tilleggsauksjon som blei gjennomført hausten 2023. Denne delen utgjer i 2023 832,6 mill. kroner.

Provenyet frå produksjonsavgifta blir utbetalt i påfølgande år. Provenyet blei 74 mill. kroner høgare enn lagt til grunn i Saldert budsjett for 2023.

Ein viser òg til omtale under kap. 3917, post 13.

Som følge av endra anslag for utbetalingane til kommunar og fylkeskommunar gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 906,6 mill. kroner, til 1 409,6 mill. kroner.

I samband med handsaminga av Prop. 78 LS (2022–2023) vedtok Stortinget ei endring i fordelingsnøkklane i Havbruksfondet. Endringa inneber at 20 pst. av utbetalinga går til fylkeskommunar, medan dei resterande 80 pst. utbetalast kommunar. Løyve til havbruk vert tilbode kvart andre år. Dette gjer at utbetalingane gjennom Havbruksfondet varierer frå eit år til det neste, og utbetalingane for 2022 og 2023 bør difor sjåast i samanheng. Derfor vil Nærings- og fiskeridepartementet nytta same fordelingsnøklar for utbetalinga i 2023 som i 2022. Dette inneber at fylkeskommunane får 12,5 pst. av løyvinga, medan kommunane får 87,5 pst.

#### *Post 74 Erstatningar, kan overførast*

Som følge av endra anslag for utbetalingane av søknadsbaserte erstatningar gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,9 mill. kroner, til 0.

#### *Post 76 Tilskot til fiskeriforskning, kan overførast*

Tilskotsordninga skal finansiere bruk av fartøy og andre ekstrakostnader ved toktbasert fiskeriforskning. Posten blir finansiert av inntekter frå fiskeriforskningsavgifta. Som følge av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 350 000 kroner, til 6,6 mill. kroner.

Ein viser òg til omtale under kap. 5574, post 74.

### **Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet**

#### *Post 74 Fiskeriforskningsavgift*

Fiskeriforskningsavgifta utgjer 1,35 pst. av førstehandsomsetjinga for villfisk. Fiskeridirektoratet

har utarbeidd oppdatert prognose for førstehandsverdien frå norske fiskeri. Det oppdaterte anslaget inneber reduserte inntekter frå fiskeriforskningsavgifta på 17,2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 17,2 mill. kroner, til 400 mill. kroner.

Inntektene frå fiskeriforskningsavgifta finansierer desse utgiftspostane:

- kap. 917, post 22 Fiskeridirektoratet, Fiskeriforskning og -overvaking
- kap. 919, post 76 Ymse fiskeriformål, Tilskot til fiskeriforskning
- kap. 923, post 22 Havforskningsinstituttet, Fiskeriforskning og -overvaking

Departementet gjer framlegg om at den reduserte inntekta blir fordelt på utgiftspostane ved at løyvinga på kap. 917, post 22 blir redusert med 6 mill. kroner, løyvinga på kap. 919, post 76 blir redusert med 350 000 kroner og at løyvinga på kap. 923, post 22 blir redusert med 10,85 mill. kroner.

#### *Post 76 Kontrollavgift fiskeflåten*

Som følge av endra anslag for inntektene frå kontrollavgifta gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner, til 51,5 mill. kroner.

## **3 Forsking og innovasjon**

### **Kap. 920 Noregs forskingsråd**

#### *Post 51 Tilskot til marin og maritim forskning*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 900, post 21 for å dekkje utgifter til norsk deltaking i OECD-prosjektet «Measuring and projecting the ocean economy and its innovation potential for improved sustainability». Ein viser òg til omtale under kap. 900, post 21.

### **Kap. 922 Romverksemd**

#### *Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)*

Kontingenten til ESA blir utbetalt i euro. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på grunn av auka oppkallingstakt frå ESA samanlikna med det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett for 2023 og som følge av valutajuste-

ringar. Norsk Romsenter har hatt utbetalningar i euro til ESA til ein høgare valutakurs enn den som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2023.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,6 mill. kroner, til 251,5 mill. kroner.

#### *Post 71 Internasjonal romverksemd*

Utgifter ved deltaking i internasjonal romverksemd blir utbetalt i utanlandsk valuta. Norsk Romsenter har utbetalningar til den europeiske romorganisasjonen (ESA) og EASP-avtalen i euro og til Radarsat-avtalen i USD. I begge tilfelle har valutakursen vore høgare enn den som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2023.

For Radarsat-avtalen gjer regjeringa framlegg om at auka på 1,67 mill. kroner blir dekt av dei største brukardepartementa, fordelt på Olje- og energidepartementet (67 000 kroner), Klima- og miljødepartementet (250 000 kroner), Forsvarsdepartementet (964 000 kroner) og Nærings- og fiskeridepartementet (383 000 kroner).

Inndekkinga frå Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett er fordelt mellom dei største brukarettatane, Fiskeridirektoratet og Kystverket.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med til saman 25,7 mill. kroner, til 611,8 mill. kroner.

#### *Post 73 EU sine romprogram*

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Høgare eurokurs ved utbetalingsdato i august tilseier eit høgare løyvingsbehov enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2023.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 46,2 mill. kroner, til 877,3 mill. kroner.

#### *Post 95 Eigenkapital Space Norway AS*

Under denne posten legg Nærings- og fiskeridepartementet fram to forslag. Det eine gjeld tilførsel av eigenkapital til Space Norway AS for å mogleggjere kjøp av Telenor Satellite AS. Det andre forslaget gjeld dekning av auka valuta-kostnader for etableringa av systemet med to satellittar i bane over polane.

Samla gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 2 366,1 mill. kroner, til 2 851,6 mill. kroner.

Eigenkapital til Space Norway AS for å mogleggjere kjøp av Telenor Satellite AS

#### *Innleiing og samandrag*

Space Norway AS og Telenor Networks Holding AS (som eig 100 pst. av aksjane i Telenor Satellite AS) signerte 5. juli 2023 ein avtale om kjøp av alle aksjane i Telenor Satellite AS. Avtalen er signert med atterhald om at Stortinget godkjenner transaksjonen og løyver tilstrekkeleg eigenkapital til at Space Norway kan gjennomføre transaksjonen.

Space Norway AS har anmoda staten som eigar om tilføring av eigenkapital til å kunne gjennomføre kjøp av alle aksjane i Telenor Satellite AS. Regjeringa gjer i tråd med dette framlegg om å tilføre Space Norway AS 2 360 mill. kroner i eigenkapital.

#### *Om Space Norway AS*

Det sektorpolitiske selskapet Space Norway AS har som formål å forvalte og vidareutvikle tryggleikskritisk og kostnadseffektiv romrelatert infrastruktur som dekkjer viktige norske samfunnsbehov. Selskapet er eigd av staten, og eigarskapet er forvalta av Nærings- og fiskeridepartementet.

#### *Verksemd*

Space Norway blir finansiert med inntekter frå eigne aktivitetar og mottar ikkje tilskot frå staten. Space Norway eig sjøfiberkabelen til Longyearbyen, drifter Kystverkets AIS-satellittar, satellittkommunikasjon til Troll-basen i Antarktis og eig 50 pst. av Kongsberg Satellite Services AS (KSAT). I tillegg byggjer Space Norway gjennom dotterselskapet Space Norway Heosat AS (Heosat) to satellittar som skal skytast opp i 2024 og gi breiband i heile Arktis (Artic Satellite Broadband Mission – ASBM). Space Norway utviklar òg radar-satellitteknologi for havovervaking.

#### *Statens mål med eigarskapet*

Staten sitt mål som eigar av Space Norway er å tilby kostnadseffektiv og forsvarleg utvikling og forvaltning av tryggleikskritisk romrelatert infrastruktur som dekkjer viktige norske samfunnsbehov. For verksemd i konkurranse med andre er staten sitt mål som eigar høgst mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige rammer.

#### *Særskilte rammer for selskapet*

Selskapet skal normalt ikkje ha aktivitet som går i direkte konkurranse med kommersielle aktørar,

med mindre det er særskilte forhold som tilseier noko anna. Eventuell kommersiell aktivitet skal bidra til å oppnå staten sitt sektorpolitiske mål.

### *Selskapets strategi*

Styret i Space Norway har som strategi at Space Norway skal vere ein internasjonalt anerkjend operatør av romsystem. Konsernet skal utvikle og operere romsystem for viktige norske samfunnsbehov som også bidrar til berekraftig verdiskaping. Space Norway søker å oppnå det gjennom:

- i dialog med brukarar pro-aktivt utvikle morgondagens romsystemer
- å levere kostnadseffektiv og sikker drift av romsystemer under nasjonal kontroll
- å vere Noregs leiande kompetansemiljø innan romsystem og sikre kapasitet for effektiv finansiering av romsystem
- Space Norway sin rolle og tyding skal vere respektert og anerkjend hos alle relevante interessentar. Konsernet sine aktivitetar innanfor alle fokusområde skal støtte opp om etablerte retningslinjer for berekraft og ansvarleg verksemd.

### *Om Telenor Satellite AS*

Telenor Satellite AS er eit dotterselskap av Telenor Networks Holding AS. Selskapet har om lag 110 tilsette og hovudkontor på Fornebu utanfor Oslo.

### *Verksemd*

Telenor Satellite tilbyr satellittkapasitet på grossistnivå med basis i eigen infrastruktur. Infrastrukturen, som består av fire satellittar i geostasjonær bane på 1° vest med tilhøyrande jordstasjon i Nittedal utanfor Oslo, gir satellittdekning til mellom anna norske land- og havområde medrekna Svalbard, Nord-Atlanterhavet, Sentral-Europa, Middelhavet og til den norske forskingsstasjonen Troll i Antarktis. Kjøparane av kapasitet nyttar infrastrukturen til å tilby satellittbasert kringkasting (DTH) og datakommunikasjonstenester (overføring av talekommunikasjon og data) til sluttbrukarar nasjonalt og internasjonalt. Telenor Satellite er i dag den leiande satellittoperatør i Norden, samstundes som selskapet har ein sterk posisjon i det sentraleuropeiske marknaden for DTH og i den maritime marknaden i Nord-Europa.

### *Styret sitt forslag og grunngeving for oppkjøpet*

Styret i Space Norway AS har bedt eigar om at selskapet blir tilført eigenkapital til å gjennomføre avtalen om kjøp av alle aksjane i Telenor Satellite AS. Styret meiner overtaking av verksemda til Telenor Satellite vil styrke Space Norway som selskap og på den måten sette selskapet langt betre i stand til å levere på mandatet som ligg til grunn for verksemda, inkludert at transaksjonen vil leggje til rette for vidareutvikling av verksemda, gi grunnlag for betydelege synergigevinster og vere ein forretningsmessig fornuftig transaksjon. I tillegg viser Space Norway til at transaksjonen vil bidra til at:

- tryggleikskritisk satellittinfrastruktur blir under nasjonal kontroll
- den strategisk viktige satellittposisjonen på 1° vest og dei opparbeidde frekvensrettane på denne posisjonen, blir framleis under norsk kontroll
- viktige teknologiarbeidsplassar forsvinn ikkje ut av landet eller leggst ned
- det største og leiande satellittmiljøet i Noreg blir vidareutvikla, og landets eigen evne på satellittområdet blir styrka
- forholda blir lagt til rette for styrka utvikling av teknologi- og tenesteleverandørar i Noreg gjennom å halde ved lag ein sterk norsk satellittoperatør

Space Norway har bedt om at heile kjøpsbeløpet tilførast i form av eigenkapital. Styret har presisert at finansieringa av oppkjøpet må baserast på eit konsernperspektiv som tek omsyn til dagens kapitalstruktur, risiko og vedtatt strategi. Styret gir uttrykk for at situasjonen for prosjektfinansierte ASBM, som har koronarelaterte forseinkingar og forventa kostnadsoverskridingar og utgjør ein stor del av konsernets balanse, på kort sikt er for usikker til at det er ønskeleg for selskapet med ytterlegare ekstern gjeldsfinansiering no. Denne usikkerheita vil bli redusert fram mot operativ drift av ASBM i løpet av 2024.

Snarleg investering i ny satellitt i Telenor Satellite vil ifølge Space Norway vere naudsynt for å oppretthalde satellittkapasitet som nærmar seg slutten av si levetid, mogleggjere realisering av delar av dei identifiserte synergiane og oppretthalde hevd på frekvensretter. Selskapet sin foreløpige vurdering er at ei slik investering vil vere lønsam.



*Vurdering av departementet sin rådgjevar*

Nordea har på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet gjort analysar og ei vurdering av om prisen som Space Norway betalar, er rimeleg («fairness opinion»). Nordea vurderer at selskapsverdien for Telenor Satellite utan nye investeringar og utan synergieffektar er på mellom 2 355 og 2 455 mill. kroner, og har konkludert med at prisen som Space Norway betalar, er rimeleg («fair») frå eit finansielt perspektiv. Analyse og konklusjon er basert på finansielle prognosar og annan informasjon som er mottatt frå Space Norway og Telenor Satellite.

Nordea har gjennomgått marknadsrapporter, kva samanliknbare selskap gir uttrykk for, kva bankar og meklarhus seier om andre satellittselskap sin framtidige utvikling og andre generelle marknadskommentarar frå offentleg tilgjengelege kjelder, og observerer følgjande:

- *Kringkasting*: Det er framleis venta ein negativ trend i talet på DTH-abonnement (Direct-to-Home) og inntekt per brukar. Sjølv om marknaden ser føre seg ei gradvis utfasing av kringkasting, er dette segmentet likevel forventet å vere relevant ein del år framover, mellom anna fordi det er fleire område der utbygging av fiber ikkje er mogleg, lønsam eller ønskeleg. Totalt sett tyder dette på at det vil eksistere eit investeringsbehov for satellittar som kan levere tilstrekkeleg videokapasitet og kvalitet i framtida.
- *Nettverk*: Det er venta ei sterk auke i datatrafikk innanfor maritim sektor, der Telenor Satellite har tydeleg eksponering. Auka konkurranse legg press på pris og inntekt per brukar, men auka volum kan veie opp for dette. Nordea viser til at auka behov for påliteleg og forbetra nettverkskapasitet og data innanfor maritim sektor er venta å vere ein viktig drivar for eit investeringsbehov i satellittar framover.

Departementet har også bedt om at Nordea vurderer om ein rasjonell marknadsaktør ville finansiert dette oppkjøpet med 100 pst. eigenkapital. Basert på den tilgjengelege informasjonen er Nordea sin konklusjon at ein rasjonell aktør vil kunne finansiere oppkjøpet med 100 pst. eigenkapital, gitt materielle investeringsplanar som ligg til grunn.

*Departementets vurderingar*

I Eigarskapsmeldinga, Meld. St. 6 (2022–2023) *Eit grønare og meir aktivt statleg eigarskap, statens*

*direkte eigarskap i selskap*, går det fram at staten eig Space Norway for å utvikle, forvalte og eige sikkerheitskritisk romrelatert infrastruktur som dekkjer viktige, norske samfunnsbehov.

Space Norway vil etter kjøp av Telenor Satellite gå frå om lag 50 til om lag 170 tilsette, lokalisert i Oslo-området og Tromsø. Det er departementet sin vurdering at Space Norway sitt kjøp av Telenor Satellite verkar godt strategisk og forretningsmessig grunna, og i tråd med staten sin grunngeving og mål med eigarskapet.

Departementet vurderer at investeringa er eigna til å gi staten avkastning. Det er usikkerheit og risiko knytt til både framtidig marknadsutvikling, realisering av synergjar, selskapsintegrasjon og andre forhold som kan verke inn på framtidig verdiskaping.

På denne bakgrunn støttar departementet styret sitt forslag om å auke Space Norway sin eigenkapital for å finansiere oppkjøpet av Telenor Satellite og gjer framlegg om at staten tilfører Space Norway 2 360 mill. kroner i eigenkapital.

*Endring av staten sitt mål for eigarskapet av Space Norway*

Selskapet er i dag eit sektorpolitisk selskap (kategori 2) som ifølge vedtektene normalt skal begrense aktivitet som går i direkte konkurranse med kommersielle aktørar, med mindre det er særskilde forhold som tilseier noko anna. Eventuell kommersiell aktivitet skal bidra til å oppnå staten sitt sektorpolitiske mål.

Etter oppkjøpet vil Space Norway ha betydelege inntekter frå kommersiell verksemd. Kategoriseringa og den nemnde avgrensinga vil derfor ikkje lenger vere formålsteneleg for Space Norway etter oppkjøpet. Staten vil behalde sin grunngeving for eigarskapet i Space Norway, men staten sitt mål som eigar skal framover vere høgast mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige rammer. Selskapet vil då i eigarskapleg samanheng vere eit kategori-1 selskap, i tråd med eigarpolitikken. Vedtektene vil bli endra slik at rammene for Space Norway si verksemd er godt tilpassa staten sin grunngeving og mål.

Space Norway har dei siste åra vore i ein vekst- og utviklingsfase, og det er ikkje tatt utbytte frå selskapet. Staten forventar at selskapet har ein kapitalstruktur tilpassa selskapet sitt mål, strategi og risiko. Formålsteneleg utbytt nivå fremmer langsiktig verdiutvikling. Nærings- og fiskeridepartementet ventar ein marknadsmessig avkastning på investeringa i Space Norway AS.

Forslag om dekning av auka kostnader for etableringa av systemet med to satellittar i bane over polane

Space Norway AS fekk i 2019 tilsegn om inntil 101 mill. USD i eigenkapital frå staten for å etablere eit system med to satellittar i bane over polane, som skal gi døgnkontinuerleg breiband i heile Arktis, jf. Prop. 55 S og Innst. 330 S (2017–2018). I samband med revidert nasjonalbudsjett 2023 blei løyvinga auka med 138,6 mill. kroner, til 485,5 mill. kroner. Med det skulle heile det gjeståande beløpet på 101 mill. USD bli innfridd. Som følge av høgare valutakurs på utbetalingsdato utgjorde utbetalinga 491,6 mill. kroner som gjer det naudsynt å auke løyvinga med 6,1 mill. kroner.

### **Kap. 923 Havforskningsinstituttet**

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Som følge av endra anslag for oppdragsverksemda til Havforskningsinstituttet, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 19,3 mill. kroner, til 420 mill. kroner.

#### *Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast*

Løyvinga blir finansiert av inntekter frå fiskeriforskningsavgifta. Avgifta skal dekkje delar av kostnadene ved å skaffe naudsynt kunnskapsgrunnlag for fiskeriforvaltinga. Som ei følge av endra anslag på inntektene frå avgifta gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10,9 mill. kroner, til 207,3 mill. kroner.

Ein viser òg til omtale under kap. 5574, post 74.

### **Kap. 3923 Havforskningsinstituttet**

#### *Post 01 Oppdragsinntekter*

Inntektene på posten blir motsvara av utgifter på kap. 923, post 21. På bakgrunn av endra anslag for oppdragsverksemda til Havforskningsinstituttet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 9,1 mill. kroner, til 427 mill. kroner.

### **Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram**

#### *Post 70 Tilskot*

Løyvinga dekkjer utgifter til norsk deltaking i delar av investeringsprogrammet InvestEU og

den delen av norsk kontingent for deltaking i EU-programmet for den indre marknad som blir finansiert over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Løyvinga dekkjer òg etterbetalingar til EU-programmet for interoperabilitetsløysingar for europeiske offentlege institusjonar, bedrifter og innbyggjarar (ISA<sup>2</sup>), som blei avslutta i 2020. Det er gitt ei løyving på 628,9 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt for tapsavsetjing for norsk deltaking i InvestEU på 1 477 mill. kroner for 2023, jf. Prop. 118 S og Innst. 490 S (2022–2023).

I 2023 er det sett av 560,6 mill. kroner til deltaking i InvestEU. På grunn av endra valutakurs er dei faktiske utbetalingane til programmet i 2023 på om lag 595,7 mill. kroner. Beløpet dekkjer Noreg sin del av tapsavsetjinga til programmet for dei tre første åra av programperioden, administrasjonskostnader og norsk deltaking i InvestEU-portalen.

I 2023 er det vidare sett av 68,3 mill. kroner til å dekkje kontingenten for Nærings- og fiskeridepartementet til EU-programmet for den indre marknad og etterbetalinga til ISA<sup>2</sup>. Dei faktiske utbetalingane til programma i 2023 utgjorde om lag 68,4 mill. kroner. EØS-EFTA-landa har sidan 2004 bidratt med finansiering av Europakommisjonen sine aktivitetar knytt til gjennomføring og utvikling av den indre marknad. Dette bidraget blei frå 2021 inkludert i EU-programmet for den indre marknad. Ei etterbetaling på om lag 2,4 mill. kroner for 2021, knytt til avslutning av aktivitetar starta før programmet for den indre marknad, er derfor inkludert i summen over.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 35,2 mill. kroner, til 664,1 mill. kroner. Tilsegnfullmakta for tapsavsetjing for norsk deltaking i InvestEU må òg bli justert for endringane i valutakursen. Departementet gjer derfor framlegg om å auke tilsegnfullmakta for 2023 frå 1 477 til 1 538,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III, 2. Valutakurs per 12. oktober 2023 er lagt til grunn for utrekninga av tilsegnfullmakta.

### **Kap. 926 Havforskningsinstituttet, forskningsfartøy**

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Som følge av endra anslag for Havforskningsinstituttet si drift av forskningsfartøy på oppdrag frå andre, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 34 mill. kroner, til 229,6 mill. kroner.

**Kap. 3926 Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy***Post 01 Oppdragsinntekter*

Inntektene på posten blir motsvara av utgifter på kap. 926, post 21. På bakgrunn av endra anslag for Havforskningsinstituttet si drift av forskingsfartøy for andre gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 38,6 mill. kroner, til 229,6 mill. kroner.

**Kap. 3935 Patentstyret***Post 01 Inntekt av informasjonstenester*

Patentstyret ventar vesentleg lågare inntekter frå informasjonstenester enn lagt til grunn i Saldert budsjett for 2023. Færre forundersøkingar på områda varemerke og patent er blant årsaka til dette. På kursområdet har det vore ein overgang frå betalte fysiske kurs til gratis webinar. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner, til 3,5 mill. kroner.

*Post 02 Inntekter knytt til NPI*

Patentstyret ventar ein vesentleg auke i inntekter frå Nordisk patentinstitutt (NPI) si verksemd. Årsaka til dette er høgare aktivitet enn opphaveleg planlagt, i tillegg til styrka valutakurs (danske kroner mot norske).

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,4 mill. kroner, til 8 mill. kroner.

**Kap. 2421 Innovasjon Noreg***Post 75 Grøn plattform, kan overførast, kan nyttast under post 50, 71 og 76*

Løyvinga til Grøn plattform i Innovasjon Noreg er på 212,3 mill. kroner for 2023. Ved handsaminga av Prop. 118 S (2022–2023) fekk Innovasjon Noreg ei tilsegnfullmakt på 590 mill. kroner for å dekkje tilsegn i 2023 og i tidlegare år som vil kome til utbetaling i seinare år. Nye anslag for utbetaling i 2023 er lågare enn tidlegare anslått. Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 98,1 mill. kroner, til 114,2 mill. kroner. Departementet gjer samstundes framlegg om å auke tilsegnfullmakta tilsvarande med 98,1 mill. kroner, til 688,1 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III, 1.

*Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført kvar gong Innovasjon Noreg tar opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa, og akkumulert. Løyvinga vil variere som følge av kor ofte Innovasjon Noreg refinansierer innlåna, men også avhengig av endringar i utlånsvolum og fastrentelån. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet 2023 er basert på anslag om marknadsutviklinga, fordeling flytande og faste lån, porteføljeutvikling og innbetalningar av avdrag og renter frå kundar. Innlåna er anslått å bli lågare enn det som låg til grunn for Saldert budsjett 2023. Ein gjer òg framlegg om å redusere avdraga, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 4,1 mrd. kroner, til 61,2 mrd. kroner.

**Kap. 5325 Innovasjon Noreg***Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for lån under kap. 2421, post 90. Som følge av lågare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2023, er det behov for å redusere løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,7 mrd. kroner, til 61,7 mrd. kroner.

*Post 92 Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag*

Posten omfattar avdrag på låneordning som blei oppretta som eit tiltak i møte med koronapandemien i 2020. Per utgangen av september 2023 var det hittil i år innbetalt om lag 40,1 mill. kroner i avdrag. Innovasjon Noreg forventar at det vil bli innbetalt til saman om lag 47,6 mill. kroner i løpet av året. Aukinga i høve til gjeldande budsjett på 34,4 mill. kroner har samanheng med ekstraordinære avdrag, førtidsinnfriing av lån og konstaterte tap under ordninga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 13,2 mill. kroner, til 47,6 mill. kroner.

### **Kap. 5625 Renter og utbytte frå Innovasjon Noreg**

#### *Post 80 Renter på lån frå statskassa*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og ein rentesats som svarer til renta på statspapir med tilsvarende løpetid, for å finansiere si utlånsverksemd.

På grunn av noko høgare renteinnbetalningar enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2023 gjer Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 40 mill. kroner, til 540 mill. kroner.

#### *Post 82 Låneordning for pakkereisearrangørar – renter*

Ein viser til omtale under kap. 5325, post 92. På same grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner, til 4,6 mill. kroner.

### **Kap. 2426 Siva SF**

#### *Post 72 Risikokapital*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å styrke eigeomsverksemda til Siva med 1 mrd. kroner i 2023. Av dette gjer departementet framlegg om ei tilleggsløyving på 350 mill. kroner tilført som risikokapital på post 72 og 650 mill. kroner som kapitalinnskot på post 95, i samsvar med mandatet og sjablonmessig risiko i eigeomsverksemda til Siva, jf. nærare omtale av tilsvarende for Nysnø Klimainvesteringer under kap. 953, post 95. Styrkinga skal sette Siva i stand til å ta hand om si nye rolle med å klargjere grøne industritomter, i tillegg til å investere i bygg og infrastruktur for grøn industri og næringsutvikling over heile landet. Sjå òg omtale under post 95.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 350 mill. kroner, til 385 mill. kroner.

#### *Post 95 Kapitalinnskot*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke kapitalinnskotet til Siva i 2023, sjå omtale under post 72. Styrkinga av eigeomsverk-

semda skal sette Siva i stand til å ta hand om si nye rolle med å klargjere grøne industritomter, i tillegg til å investere i bygg og infrastruktur for grøn industri og næringsutvikling over heile landet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 650 mill. kroner, til 715 mill. kroner.

### **Kap. 5613 Renter frå Siva SF**

#### *Post 80 Renter*

Siva kan ta opp lån i statskassa med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid, innafor ei låneramme på 700 mill. kroner. Siva tok opp eit nytt lån i vår knytt til eit statspapir med låg rente og måtte derfor betale eit betydeleg beløp i overkurs. Som følge av dette er det grunnlag for å auke løyvinga med 9 mill. kroner, til 20,7 mill. kroner.

## **4 Markedsadgang og eksport**

### **Kap. 940 Internasjonaliseringstiltak**

#### *Post 70 Eksportfremjetiltak*

Løyvinga skal finansiere dei nasjonale eksportfremjesatsingane som følger opp eksportreforma Heile Noreg eksporterer. Gjennom eksportreforma har departementet etablert eit Nasjonalt eksportråd som gir råd og innspel til næringsministeren og utformar framlegg til større strategiske eksportfremjesatsingar. Rådet er satt saman av representantar frå næringslivet og partane i arbeidslivet. Nasjonalt eksportråd har levert forslag til eksportfremjesatsingar på havvind, meir og grønarare maritim transport og design- og livstilindustrien, og arbeider med å konkretisere eksportfremjesatsingar på helseindustrien og reiselivsnæringa. Alt arbeid skjer i nær dialog med norsk næringsliv slik at satsingane er godt forankra. Det har teke tid å ta i bruk løyvinga, men ein har no igangsett satsingane på havvind og meir og grønarare maritim transport. Det arbeides vidare med å etablere fleire eksportfremjesatsingar. Fordi arbeidet ikkje er fullført, vil det ikkje vere mogleg å nytte alle midlane som er sett av til føremålet i inneverande budsjettår. Midla er venta utbetalt i første halvår 2024, og Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å tilføye stikkordet «kan overførast» på posten i 2023, jf. forslag til vedtak II.

**Kap. 2429 Eksportkredittordninga***Post 90 Utlån*

Departementet gjer framlegg om å justere opp løyvinga som følge av endra valutakursar på utbetalingstidspunkt, større engasjement innan forsvarsindustrien og auka aktivitet innan havvind, enn det som låg til grunn for løyvinga i Saldert budsjett 2023. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,1 mrd. kroner, til 13,1 mrd. kroner.

**Kap. 5329 Eksportkredittordninga***Post 70 Gebyr m.m.*

Løyvinga gjeld gebyrer i samband med utlån under Eksportkredittordninga. Som følge av auka utlånsaldo under Eksportkredittordninga har anslaget på gebyrer blitt justert opp. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6 mill. kroner, til 26 mill. kroner.

*Post 90 Avdrag på utestående fordringar*

I første halvår 2023 fekk Eksportkredittordninga større og fleire innfriingar enn forventa. Det er i stor grad bankar og obligasjonseigarar som har stått for innbetalingane. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,2 mrd. kroner, til 10,0 mrd. kroner.

**Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga***Post 80 Renter*

Renter under Eksportkredittordninga blir foreslått auka som følge av depresieringen av den norske krona mot anna valuta og ettersom utlånsporteføljen har auka. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke anslaget med 140 mill. kroner, til 970 mill. kroner.

**Kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg***Post 57 (ny) Tapsavsetjing for investeringar i og eksport til Ukraina*

Gjenoppbygginga av Ukraina vil krevje store utanlandske investeringar. Grunna høg risiko vil utanlandske investeringar i Ukraina krevje tilrette-

legging, mellom anna gjennom instrument for risikoavlastning. Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) forvaltar i dag Garantiordning for investeringar i og eksport til utviklingsland (U-landsordninga), som har som formål å fremje norsk eksport og investeringar i land med høgare risiko enn det som er akseptabelt under Alminneleg garantiordning. Ordninga har ei ramme på 3 150 mill. kroner. Det er satt av eit grunnfond på 450 mill. kroner for å dekkje tap slik at Eksfin skal kunne ta større risiko i ordninga. Dersom grunnfondet blir brukt, er det lagt opp til at det skal bli fylt opp igjen med inntekter frå ordninga, slik at ordninga går i balanse på lang sikt.

Ukraina er omfatta av ordninga, men eit hinder for bruk av ordninga er at det blir stilt krav om medverking av bank. Den private bankmarknaden i Ukraina fungerer dårleg. Regjeringa foreslår at det blir gjort midlertidig unntak frå kravet om bankmedverknad i Ukraina under U-landsordninga for perioden 2024–2027.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at inntil 20 pst. (630 mill. kroner) av ramma for ordninga kan nyttast i Ukraina, utan krav om bankmedverknad, jf. forslag til vedtak IV. Formålet er å leggje til rette for at norsk næringsliv kan bidra i gjenoppbygginga av Ukraina med kompetanse, teknologi og investeringar.

Det vil framleis vere krav om at ordninga skal gå i balanse på lang sikt. Likevel er det knytt stor risiko til Ukraina no. For å ta høgde for auka risiko som følge av forslaget, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å løyve 126 mill. kroner til tapsavsetjing for investeringar i og eksport til Ukraina.

*Post 90 Utbetaling ifølge trekkfullmakt – Alminneleg garantiordning*

Innlån og avdrag på Eksportfinansiering Noreg si trekkfullmakt blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført kvar gong Eksfin tar opp eller tilbakebetalar på lånet, og akkumulert. Endring frå revidert nasjonalbudsjett skyldast ei innbetaling som kom seinare enn avtalt. Dette beløpet skulle bli brukt til ein anna utbetaling og forsinkinga resulterte i eit behov for mellomfinansiering for ein kort periode. Saldoen på lån i oktober er om lag 3 mrd. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 420 mill. kroner, til 820 mill. kroner.

### Kap. 5460 Eksportfinansiering Noreg

#### *Post 50 (ny) Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring*

Per 31. desember 2022 var det 95,4 mill. kroner i likviditet i garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring. Uteståande garantiansvar var på om lag 18 mill. kroner. Det er derfor grunnlag for å tilbakeføre store delar av opparbeidd kapital i ordninga ettersom ordninga ikkje lenger er operativ. Samstundes viser erfaringane med den tidlegare refsikringsavtalen med GIEK Kredittforsikring som blei avslutta i 2019, at det vil vere stor usikkerheit knytt til endeleg utfall i fleire år. Dette talar for at ein bør ha noko meir likviditet på ordninga enn det er uteståande garantiansvar. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å tilbakeføre 60 mill. kroner frå ordninga til statskassa.

#### *Post 53 (ny) Tilbakeføring av tapsavsetjing under Luftfartsgarantiordninga*

For å avbøta konsekvensane av koronakrisa blei garantiordninga for luftfart (Luftfartsgarantiordninga) etablert i mars 2020, jf. Prop. 57 S og Innst. 200 S (2019–2020). Samla garantiramme for ordninga var 6 mrd. kroner, det blei løyvd 6 mrd. kroner til eventuelle tap og 6 mill. kroner til etablering og forvaltning av ordninga. Under ordninga blei det gitt totalt fire garantiar, til Norwegian Air Shuttle ASA, SAS AB, Widerøe og Airwing. Under garantien for Airwing blei det utbetalt 9,2 mill. kroner kor 6,7 mill. kroner blei avskriven som tap og 2,5 mill. kroner blei tilbakebetalt. Widerøe førtidsinnfridde lånet på 450 mill. kroner, og det var ikkje noko tap på dette engasjementet. Under garantien til SAS AB blei det utbetalt 1,5 mrd. kroner. SAS er no i konkursvern og i ein restrukturingsprosess, og det er usikkert kor mykje av dette kravet som vil bli tilbakebetalt til staten. Under garantien til Norwegian Air Shuttle ASA blei det betalt ut nærare 3 mrd. kroner.

Luftfartsgarantiordninga er ikkje lenger operativ, men det står igjen om lag 4 mrd. kroner av løyvinga til tapsavsetting på 6 mrd. kroner. Ettersom det ikkje vil bli nye utbetalningar under garantiordninga, er det ikkje behov for tapsavsetjing knytt til denne ordninga. Under ordninga har det blitt betalt ut netto om lag 2 mrd. kroner frå tapsfondet. Av dette har 567,7 mill. kroner blitt

avskrive som tap, og det er totalt 255 mill. kroner i tapte garanti- og renteinntekter. Staten har enno fordringar mot SAS og Norwegian, og det er uklart kor mykje som vil bli gjenvunne og kor mykje som vil bli tapt.

I forbindelse med restruktureringa av Norwegian Air Shuttle ASA (NAS) i mai 2021 ga staten to lån til selskapet. Det eine av desse låna var eit obligasjonslån på 2,4 mrd. kroner. Dette lånet erstatta kravet Eksfin hadde mot selskapet i Luftfartsgarantiordninga. Delar av tapsavsetjinga under garantiordninga blei forutsett nytta til å dekkje eventuelle tap på dei to låna, jf. omtale under kap. 900, post 90 i Prop. 27 S (2021–2022).

Opphaveleg var planen å overføre oppfølginga av låna til Eksfin. Det viste seg å vere meir komplisert enn først antatt. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om at resten av tapsfondet blir forvalta av departementet, og at departementet held fram med å ha ansvar for å følge opp låna. Lånesaldo for desse låna er per oktober 2023 om lag 3,7 mrd. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om at 300 mill. kroner av gjenstående tapsavsetjing på 4 mrd. kroner blir tilbakeført til statskassa, medan resterande beløp (3,7 mrd. kroner) blir overført til ein tapsfondskonto forvalta av departementet.

#### *Post 77 Inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina*

Midlertidig lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina slutta å vera operativ ved utgangen av 2022. Ordninga blei ikkje brukt, og det var derfor ikkje uteståande garantiansvar. Tapsavsetjing og administrasjonskostnader under ordninga blei tilbakeført i samband med revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Prop. 118 S (2022–2023). På grunnlag av at ordninga ikkje har blitt brukt og ikkje lenger er operativ gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga blir redusert med 1 mill. kroner til 0.

#### *Post 78 Inntekter frå midertidig lånegarantiordning i samband med høge straumprisar*

Løyvinga gjeld inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med høge straumprisar. Ordninga slutta å vera operativ 1. april 2023. Den blei lite brukt og har derfor lite uteståande garantiansvar. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 955 000 kroner, til 45 000 kroner.

*Post 90 Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning*

Etter revidert nasjonalbudsjett 2023 har Eksfin fått inn betydeleg gjenvinning i samband med eit engasjement som var i misleghald. Eksfin har òg fått ekstra innfriingar frå kundar. Dette har gjort at Eksfin kan betala tilbake meir av trekkfullmakta enn tidlegare forventa. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5 890 mill. kroner, til totalt 8 640 mill. kroner.

### **Kap. 5614 Renter under Eksportfinansiering Noreg**

*Post 80 Renter frå lån til Alminneleg garantiordning*

På posten blir renter i samband med lån under Alminneleg garantiordning ført. Ettersom Eksfin har betalt tilbake meir lån enn ein tidlegare forventa, jf. omtale under kap. 5460, post 90, vil rentekostnaden bli redusert. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 36 mill. kroner, til 185 mill. kroner.

*Post 81 Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA*

Den norske stat deltar i eit evigvarande konvertibelt ansvarleg lån på om lag 1 231,6 mill. kroner (hybridlån) og eit rente- og avdragsfritt obligasjonslån på om lag 2 428 mill. kroner med forfall i 2025 (50 pst.) og 2026 (50 pst.) til Norwegian Air Shuttle ASA (NAS). Det er halvårleg rentebetaling (1. juni og 1. desember) på hybridlånet, men NAS kan velje å akkumulere påkomne renter på hovudstol framfor å betale renter til långjevarane. Rentene som skal betalast på hybridlånet om seks månader, blir fastsett forskotsvis basert på seks månaders marknadsrente pluss ein fastsett margin. I juni fekk staten innbetalt 46,6 mill. kroner i renteinntekter. Basert på siste rentefastsetjing er renteanslaget for desember berekna til 48,2 mill. kroner, men beløpet avhenge av om NAS vel å betale rentene eller akkumulere påkomne renter på hovudstol. Basert på at NAS innbetaler renter i desember gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 26,8 mill. kroner, til 94,8 mill. kroner.

## **5 Statleg eigarskap**

### **Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap**

*Post 96 Sal av aksjar*

Fleire av dei børsnoterte selskapa der staten er deleigar, har tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine eigne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. For desse tilfella er det etablert et avtaleverk som inneber innløyasing og sletting av eit slikt antal av staten sine aksjar at staten sin eigardel i selskapet ikkje endrar seg som følge av tilbakekjøpsprogrammet. Staten får eit vederlag for sletting av staten sine aksjar som svarar til det volumvekta gjennomsnittet av kursen selskapet har betalt for aksjane, pluss ein rentekompensasjon og justert for eventuelle utbytte. Så langt i 2023 utgjer vederlaga som staten har fått for sletting av staten sine aksjar, om lag 1,4 mrd. kroner eksklusiv vederlag for sletting av staten sine aksjar i Equinor ASA, jf. kap. 3955, post 96. Desse er fordelt på 505,2 mill. kroner frå DNB Bank ASA, 250 mill. kroner frå Kongsberg Gruppen ASA og 647,4 mill. kroner frå Norsk Hydro ASA.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1 377,6 mill. kroner, til 1 402,6 mill. kroner.

### **Kap. 952 Investinor AS**

*Post 50 Risikokapital*

Ordninga med pre-så Kornfond blei overført frå Innovasjon Noreg til Investinor i 2020, og det blei oppretta eit nytt mandat for fonds- og matchinginvesteringar i Investinor. Stortinget vedtok same år at den opphavelege pre-så Kornordninga ikkje skulle videreførast, og at det nye mandatet i Investinor mellom anna kunne ivareta føremålet med ordninga med pre-så Kornfond framover. Det blei lagt til grunn at tilbakebetalingar frå pre-så Kornfond kunne nyttast som inndekning for løyvingar til risikokapital til det nye mandatet i Investinor. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S (2019–2020) under «Saker i tilknytning til enkelt-selskaper» og under kap. 950, post 54 om Investinors mandat for forvaltning av fonds- og matchinginvesteringar. Ein viser òg til framlegg om tilbakeføring av 9,5 mill. kroner frå pre-så Kornordninga under kap. 3952, post 55.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 9,5 mill. kroner, til 59,5 mill. kroner. Dette vil auke Investinor sin investeringskapasitet under man-

datet. Ein viser òg til omtale under post 95 der det blir gjort framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskot til mandatet med 17,5 mill. kroner. Mandatet vil med dette bli tilført totalt 169 mill. kroner i 2023, inkludert 142 mill. kroner som er løyvd tidlegare.

#### *Post 51 (ny) Tapsfond såkornkapital*

Sidan 1997 har det blitt oppretta såkornfond med støtte frå staten gjennom fleire bølger med fond med ulik innretning. I dei to første bølgene med fond er det dei private investorane som har eigd fonda, mens staten tilførte fonda kapital gjennom ansvarlege lån. I fond oppretta etter 2012 deltar staten som medeigar i fonda. Lån og eigenkapital til alle fonda blei opphavelig forvalta av Innovasjon Noreg, men det er i dag Investinor som følger opp ordninga på vegne av staten. I Prop. 1 S (2022–2023) Nærings- og fiskeridepartementet er det under kap. 952 gitt ei oversikt over dei ulike ordningane og fonda.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 2003 og 2005 blei det gjort vedtak om å opprette distriktsretta såkornfond, jf. St.prp. nr. 65 (2002–2003), Innst. S. nr. 260 (2002–2003), St.prp. nr. 1 (2003–2004), Budsjett-innst. S. nr. 8 (2003–2004), St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2004–2005), St.prp. nr. 16 (2004–2005) og Budsjett-innst. S. nr. 8 (2004–2005). Under kap. 2421 Innovasjon Noreg blei det løyvd til saman 700 mill. kroner i lånekapital på post 91 og 175 mill. kroner til å dekkje eventuelle tap knytt til utlåna på post 51. I berekninga av tapsfond blei det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tap på 25 pst. av lånekapitalen. I 2021 blei KapNord Fond avvikla med positiv avkastning for dei private investorane og utan tap utover tapsfond for staten. I juli 2023 blei såkornfondet Fjord Invest SørVest AS i Førde avvikla. Fondet har totalt tapt 27,6 mill. kroner knytt til lånet frå staten ut over det som blir dekt av tapsfondet. Tapet fordelar seg med om lag 8,2 mill. kroner av hovudstolen og 19,4 mill. kroner i tapte renteinntekter.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 2005 blei det gjort vedtak om å opprette nye landsdekkjande såkornfond lokalisert i dei tre universitetsbyane Oslo, Bergen og Trondheim, jf. St.prp. nr. 1 (2004–2005) Nærings- og handelsdepartementet, Budsjett-innst. S. nr. 6 og Budsjett-innst. S. nr. 8 (2004–2005). Under kap. 2421 blei det løyvd 500 mill. kroner i lånekapital på post 91 og 125 mill. kroner til å dekkje tap knytt til utlåna under post 51. I berekninga av tapsfondet blei det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tap på 25 pst. av lånekapitalen. I 2021 blei Sarsia Seed AS i Bergen avvikla med posi-

tiv avkastning til investorane og utan tap utover tapsfond for staten. I 2022 blei ProVenture Seed AS i Trondheim avvikla med eit tap utover tapsfond på om lag 45,4 mill. kroner, jf. omtale i Prop. 27 S (2021–2022). I oktober 2023 blei såkornfondet SåkorninVest II AS i Stavanger avvikla. Fondet har totalt tapt 48,3 mill. kroner knytt til lånet frå staten utover det som blir dekt av tapsfondet. Tapet fordelar seg med om lag 9 mill. kroner av hovudstolen og 39,3 mill. kroner i tapte renteinntekter.

I desember 2023 forfell òg lånet til Alliance Venture Polaris AS i Oslo, og lånet er avtalt oppgjort med tap. Fondet har totalt tapt 109 mill. kroner knytt til lånet frå staten utover det som blir dekt av tapsfondet. Tapet fordelar seg med om lag 35,6 mill. kroner av hovudstolen og 73,4 mill. kroner i tapte renteinntekter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 184,9 mill. kroner for å dekkje tap på hovudstol og renter utover tapsfondet i samband med avviklinga av dei tre ovannemnde låna til såkornfonda i 2023, herav 52,8 mill. kroner av hovudstol og 132,2 mill. kroner i renter.

Stortinget gav i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2012 ein fullmakt slik at Innovasjon Noreg kunne ta grep for å sikre verdiane i såkornfonda oppretta mellom 1997 og 2000 ved fare for konkurs, og mellom anna overta aksjar eigd av fondet i nokre selskap som ein del av oppgjeret ved avviklinga av fondet. Ein liknande fullmakt blei gitt gjennom handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2019 knytt til fonda oppretta mellom 2006 og 2008. Denne praksisen er blitt vidareført etter at Investinor overtok forvaltninga av staten sine lån i dei sist nemnde fonda. Til no har Investinor motteke om lag 30 mill. kroner frå realisering av aksjeportefølja etter fonda oppretta mellom 1997 og 2000. Ved avviklinga av enkelte av fonda oppretta mellom 2006 og 2008, vil Investinor òg kunne overta aksjar i nokre selskap, som ein del av oppgjeret der dette er vurdert å være i tråd med staten sine interesser. I overtatte selskap kan oppfølgingsinvesteringar i visse tilfelle være naudsynt for å sikre statens verdiane. Departementet legg då til grunn at midlar som er gjenvunne frå salg av eigardeler i selskap som er overtatt frå tidlegare avvikla såkornfond, kan nyttast til dette. Dersom verdiane blir realisert, vil inntekter frå sal bli tilbakeført til staten.

#### *Post 95 Kapitalinnskot*

Ein viser til omtale under post 50. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løy-



vinga til mandatet for fonds- og matchinginvesteringar med totalt 27 mill. kroner, til totalt 169 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskot med 17,5 mill. kroner, til 109,5 mill. kroner.

### **Kap. 3952 (nytt) Investinor AS**

*Post 50 Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond m.m.*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å føre tilbake 9,5 mill. kroner frå pre-så Kornordninga i Investinor, jf. omtale under kap. 952, post 50. Investinor har òg hatt eit overskot frå midlar knytt til ordninga med så Kornfond. Midlar knytt til ordninga som blir forvalta av Investinor, blir plassert i rentefond. I 2022 ga midlane 13,6 mill. kroner i avkastning. Det var ikkje budsjettert med eit slikt overskot i Saldert budsjett 2023.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på til saman 23,1 mill. kroner.

*Post 90 Tilbakeført kapital, så Kornfond*

Ein viser til omtale av tap på hovudstol og renter av låna til så Kornfonda under kap. 952, post 51. Det er gjort framlegg om ei løyving på til saman 184,9 mill. kroner, hvorav 52,8 skal dekkje tap på lånas hovudstol. Tilbakebetaling av renter løyvast på kap. 5628, post 80.

I tillegg skal Investinor tilbakebetale 25 mill. kroner i avdrag på låna som blei avvikla i 2023, hvorav 12,7 mill. kroner er avdrag under den distriktsretta ordninga og 12,3 mill. kroner er avdrag under den landsdekkande ordninga. Det er òg tilbakebetalt 23,1 mill. kroner frå to av så Kornfonda som blei oppretta etter 2012. Det blei ikkje budsjettert med tilbakebetaling av midlar i Saldert budsjett 2023.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på til saman 100,8 mill. kroner i avdrag på lån til ordningane med så Kornfond.

### **Kap. 5628 (nytt) Renter frå Investinor AS**

*Post 80 Renter frå så Kornfond*

Ein viser til omtale av tilbakeføring av lån frå så Kornfond under kap. 3952, post 90 og omtale av tap på hovudstol og renter av låna til så Kornfonda under kap. 952, post 51. På dette grunnlaget gjer Nærings-

og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 132,2 mill. kroner i renter frå lån til så Kornfond.

### **Kap. 953 Nysnø Klimainvesteringer AS**

*Post 50 Risikokapital*

Staten har etablert Nysnø for å bidra til kapitaltilgang for investeringar i tidleg fase i selskap som reduserer klimagassutslepp. Staten sitt mål som eigar er høgast mogleg avkastning over tid innafor berekraftige rammer. Selskapet sitt føremål er å bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar som direkte eller indirekte bidrar til dette.

Nysnø er til no tilført 3 525 mill. kroner i kapital. For å auke investeringskapasiteten til selskapet ytterlegare gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvingane til kapitalinnskot for 2023 med til saman 1 857 mill. kroner, til 2 457 mill. kroner. Av dette gjer departementet framlegg om å auke løyvinga til risikokapital med 650 mill. kroner. Ein viser for øvrig til omtale under post 95.

*Post 95 Kapitalinnskot*

Ein viser til omtale under post 50. Av den foreslåtte auken på totalt 1 857 mill. kroner gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskot med 1 207 mill. kroner. Bakgrunnen for at kapital til Nysnø sjablonmessig blir budsjettert med 35 pst. risikokapital (tapsavsetjing) og 65 pst. kapitalinnskot er basert på prinsipp og praksis for budsjettering av lånetransaksjonar i staten, jf. omtale i pkt. 8.2 i Prop. 1 S (2022–2023) Gul bok. Ein viser òg til Prop. 1 S (2017–2018) for Nærings- og fiskeridepartementet der det kjem fram at selskapet skal vere eit verkemiddel som bidreg til reduserte klimagassutslepp, og at selskapet ikkje skal fortrengje privat kapital. Då er det nødvendig at selskapet blir gitt høve til å ta risiko og på den måten utløyse investeringar som elles ikkje ville bli gjennomført.

### **Kap. 3955 (nytt) Equinor ASA**

*Post 96 Sal av aksjar*

Ein viser til omtale under kap. 3950, post 96 om at børsnoterte selskap kan ha tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine egne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. I 2023 utgjorde veder-

laget som staten fekk for sine aksjar i Equinor ASA som blei sletta, om lag 39,1 mrd. kroner. Staten sin eigardel i selskapet er vidareført med 67 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 39,1 mrd. kroner.

### Kap. 2440 og 5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 5.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2023 under kap. 2440 og 5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda<sup>1</sup>

		(i mill. kr)		
Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande løyving <sup>2</sup>	Forslag til ny løyving	Endring <sup>1</sup>
<i>Kap. 2440</i>				
Post 30	Investeringar	27 000	30 000	3 000
	Sum kap. 2440	27 000	30 000	3 000
<i>Kap. 5440</i>				
U.post 24.1	Driftsinntekter	394 800	375 800	-19 000
U.post 24.2	Driftsutgifter	-86 900	-56 700	30 200
U.post 24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100	-1 700	400
U.post 24.4	Avskrivningar	-29 400	-27 600	1 800
U.post 24.5	Renter av staten sin kapital	-2 700	-2 700	0
Post 24	Driftsresultat	273 700	287 100	13 400
Post 30	Avskrivningar	29 400	27 600	-1 800
Post 80	Renter av staten sin kapital	2 700	2 700	0
Post 85	Renter av mellomregnskapet	0	0	0
	Sum kap. 5440	305 800	317 400	11 600
<i>SDØE sin kontantstrøm:</i>				
	Innbetalingar <sup>3</sup>	394 800	375 800	-19 000
	Utbetalingar <sup>4</sup>	116 000	88 400	-27 600
	Netto kontantstrøm frå SDØE	278 800	287 400	8 600

<sup>1</sup> Beløpa i tabellen er runda av til nærmaste 100 mill. kroner

<sup>2</sup> Revidert budsjett, jf. Innst. 490 S og Prop. 118 S (2022–2023)

<sup>3</sup> Innbetalningar = driftsinntekter

<sup>4</sup> Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingsutgifter + investeringar

Overslaget for kap. 2440, underpost 30 Investeringar er auka med 3 000 mill. kroner, til 30 000 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av høgare utbyggingsinvesteringar for fleire utbyggingar som Johan Castberg og Breidablikk, høgare driftsinvesteringar på fleire felt og anlegg som Dvalin og Troll, og auka produksjonsboring på fleire felt.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er redusert med 19 000 mill. kroner, til 375 800 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av lågare gassprisføresetnader, delvis motverka av høgare oljeprisføresetnader. Prisen på gass er redusert frå 6,7 kr/Sm<sup>3</sup> til 5,7 kr/Sm<sup>3</sup> i forhold til førre anslag, medan prisanslaget på olje er auka frå 779,4 NOK/fat til 904,4 NOK/fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 30 200 mill. kroner, til 56 700 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av reduserte utgifter til kjøp av tredjeparts gass som følge av lågare gassprisar. Produksjonskostnadene er òg redusert som følge av lågare kraftprisar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 400 mill. kroner, til 1 700 mill. kroner basert på oppdaterte prognosar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er redusert med 1 800 mill. kroner,

til 27 600 mill. kroner som følge av reduserte salsvolum på enkelte felt.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av staten sin kapital er uendra.

Endringane fører samla til at driftsresultatet for SDØE er auka med 13 400 mill. kroner, frå 273 700 til 287 100 mill. kroner.

Netto kontantstraum frå SDØE er rekna til 287 400 mill. kroner, ein auke på 8 600 mill. kroner frå 278 800 mill. kroner.

#### Prisføresetnader:

Produkt	Gjeldande føresetnader for 2023	Nye føresetnader for 2023
Olje (NOK/fat) – laupande	779,4	904,4
Olje (USD/fat) – laupande	75,1	85,72
Gass (NOK/Sm <sup>3</sup> ) – laupande	6,70	5,7
Kondensat (NOK/Sm <sup>3</sup> ) – laupande	4 902,6	5 047
Flytande petroleum. NGL (NOK/tonn) – laupande	6 182,8	5 896,5
Valutakurs (NOK/USD)	10,4	10,55

## 6 Arbeidsliv

### Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn

#### Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Det har vore lågare utbetalingar av dagpengar så langt i 2023 samanlikna med same tid i fjor. Basert på oppdaterte prognosar frå Garantikassa for fiskarar gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner, til 60 mill. kroner.

## 7 Saker til orientering

#### Grøne vekstlån

Grøne vekstlån blei etablert i 2022 med ei ramme på inntil 600 mill. kroner under innovasjonslåne-

ordninga til Innovasjon Noreg. Ordninga var då avgrensa til å omfatte prosjekt som direkte bidrar til å realisere Noreg sin forplikting om 55 pst. reduksjon av klimautslepp innan 2030 (miljømål 1 i EU sin taksonomi for berekraftige aktivitetar, «begrense klimaendringene»). I 2023 blei ordninga utvida til å omfatte alle miljømåla i EU sin taksonomi (tilsvarande Det europeiske investeringsfondet (EIF) sitt Sustainability Portfolio Guarantee Product).

I 2023 er inntil 900 mill. kroner av ramma for innovasjonslåneordninga atterholdt Grøne vekstlån. Per 2. tertial 2023 var det innvilga 124 mill. kroner under ordninga, fordelt på sju lån.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Nærings- og fiskeridepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2023 under Nærings- og fiskeridepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 525 856 000 til kr 496 756 000	29 100 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 43 152 000 til kr 44 052 000	900 000
	71	Miljøtiltak Raufoss, blir auka med ..... frå kr 4 188 000 til kr 4 988 000	800 000
	85	Midlertidig kompensasjonsordning for føretak med stort omsetningsfall som følge av koronapandemien, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 3 000 000 til kr 15 000 000	12 000 000
903		Norsk akkreditering:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 58 284 000 til kr 63 284 000	5 000 000
904		Brønnøysundregistra:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 458 868 000 til kr 454 868 000	4 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med ..... frå kr 60 911 000 til kr 58 211 000	2 700 000
906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard:	
	30	Sikrings- og miljøtiltak, <i>kan overføres</i> , blir redusert med ..... frå kr 11 481 000 til kr 8 481 000	3 000 000
907		Norsk nukleær dekommisjonering:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 121 388 000 til kr 111 388 000	10 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med ..... frå kr 345 037 000 til kr 215 037 000	130 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 474 352 000 til kr 483 852 000	9 500 000
912		Klagenemndssekretariatet:	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 565 000 til kr 700 000	135 000
916		Kystverket:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i> , blir auka med ..... frå kr 2 261 786 000 til kr 2 303 458 000	41 672 000
	30	Nyanlegg og større vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 690 806 000 til kr 726 006 000	35 200 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 01</i> , blir redusert med ..... frå kr 203 450 000 til kr 161 450 000	42 000 000
	60	Tilskot til fiskerihamneanlegg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 36 943 000 til kr 1 743 000	35 200 000
	71	Tilskot til effektive og miljøvennlige hamner, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 118 988 000 til kr 89 488 000	29 500 000
917		Fiskeridirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 499 044 000 til kr 498 989 000	55 000
	22	Fiskeriforsking og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 146 805 000 til kr 140 805 000	6 000 000
919		Ymse fiskeriføremål:	
	60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, blir auka med ..... frå kr 503 000 000 til kr 1 409 600 000	906 600 000
	74	Erstatningar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 900 000 til kr 0	1 900 000
	76	Tilskot til fiskeriforsking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 6 900 000 til kr 6 550 000	350 000
920		Noregs forskingsråd:	
	51	Tilskot til marin og maritim forsking, blir auka med ..... frå kr 603 521 000 til kr 604 721 000	1 200 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
922		Romverksemd:	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir auka med ..... frå kr 243 900 000 til kr 251 500 000	7 600 000
	71	Internasjonal romverksemd, blir auka med ..... frå kr 586 050 000 til kr 611 750 000	25 700 000
	73	EU sine romprogram, blir auka med ..... frå kr 831 100 000 til kr 877 300 000	46 200 000
	95	Eigenkapital Space Norway AS, blir auka med ..... frå kr 485 519 000 til kr 2 851 619 000	2 366 100 000
923		Havforskningsinstituttet:	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 439 313 000 til kr 420 000 000	19 313 000
	22	Fiskeriforsking og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 218 234 000 til kr 207 334 000	10 900 000
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram:	
	70	Tilskot, blir auka med ..... frå kr 628 908 000 til kr 664 108 000	35 200 000
926		Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy:	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 195 603 000 til kr 229 600 000	33 997 000
952		Investinor AS:	
	50	Risikokapital, blir auka med ..... frå kr 50 000 000 til kr 59 500 000	9 500 000
	51 (ny)	Tapsfond såkornkapital, blir løyvd med .....	184 900 000
	95	Kapitalinnskot, blir auka med ..... frå kr 92 000 000 til kr 109 500 000	17 500 000
953		Nysnø Klimainvesteringer AS:	
	50	Risikokapital, blir auka med ..... frå kr 210 000 000 til kr 860 000 000	650 000 000
	95	Kapitalinnskot, blir auka med ..... frå kr 390 000 000 til kr 1 597 000 000	1 207 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2421		Innovasjon Noreg:	
	75	Grøn plattform, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50, 71 og 76,</i> blir redusert med .....	98 100 000
		frå kr 212 341 000 til kr 114 241 000	
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med .....	4 050 000 000
		frå kr 65 200 000 000 til kr 61 150 000 000	
2426		Siva SF:	
	72	Risikokapital, blir auka med .....	350 000 000
		frå kr 35 000 000 til kr 385 000 000	
	95	Kapitalinnskot, blir auka med .....	650 000 000
		frå kr 65 000 000 til kr 715 000 000	
2429		Eksportkredittordninga:	
	90	Utlån, blir auka med .....	7 100 000 000
		frå kr 6 000 000 000 til kr 13 100 000 000	
2440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:	
	30	Investeringar, blir auka med .....	3 000 000 000
		frå kr 27 000 000 000 til kr 30 000 000 000	
2460		Eksportfinansiering Noreg:	
	57 (ny)	Tapsavsetjing for investeringar i og eksport til Ukraina, blir løyvd med .....	126 000 000
	90	Utbetaling ifølge trekkfullmakt – Alminneleg garantiordning, blir auka med .....	420 000 000
		frå kr 400 000 000 til kr 820 000 000	
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn:	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med .....	20 000 000
		frå kr 80 000 000 til kr 60 000 000	



## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	01	Ymse inntekter og refusjonar knytt til ordinære driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 188 000 til kr 1 088 000	900 000
	70	Garantipremie frå garantiordning luftfart, blir redusert med ..... frå kr 500 000 til kr 0	500 000
3903		Norsk akkreditering:	
	01	Gebyrinntekter og andre inntekter, blir auka med ..... frå kr 48 665 000 til kr 51 665 000	3 000 000
3906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard:	
	02	Handsamingsgebyr, blir auka med ..... frå kr 800 000 til kr 1 100 000	300 000
3908	(nytt)	Institutt for energiteknikk:	
	80	Renter, blir løyvd med .....	300 000
3910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med ..... frå kr 233 195 000 til kr 225 995 000	7 200 000
	03	Ymse inntekter, blir auka med ..... frå kr 500 000 til kr 10 000 000	9 500 000
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med ..... frå kr 66 475 000 til kr 70 275 000	3 800 000
3912		Klagenemndssekretariatet:	
	87	Lovbrottsgebyr, blir auka med ..... frå kr 10 100 000 til kr 11 600 000	1 500 000
3917		Fiskeridirektoratet:	
	05	Sakshandsamingsgebyr, blir redusert med ..... frå kr 30 315 000 til kr 28 315 000	2 000 000
	13 (ny)	Inntekter frå sal av løyve til oppdrett, blir løyvd med .....	1 513 900 000
	86	Forvaltningssanksjonar, blir redusert med ..... frå kr 10 000 000 til kr 4 000 000	6 000 000
3923		Havforskningsinstituttet:	
	01	Oppdragsinntekter, blir redusert med ..... frå kr 436 140 000 til kr 427 000 000	9 140 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3926		Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy:	
	01	Oppdragsinntekter, blir auka med ..... frå kr 191 010 000 til kr 229 600 000	38 590 000
3935		Patentstyret:	
	01	Inntekt av informasjonstenester, blir redusert med ..... frå kr 4 800 000 til kr 3 500 000	1 300 000
	02	Inntekter knytt til NPI, blir auka med ..... frå kr 4 600 000 til kr 8 000 000	3 400 000
3950		Forvaltning av statleg eigarskap:	
	96	Sal av aksjar, blir auka med ..... frå kr 25 000 000 til kr 1 402 600 000	1 377 600 000
3952	(nytt)	Investinor AS:	
	50	Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond m.m., blir løyvd med .....	23 100 000
	90	Tilbakeført kapital, så Kornfond, blir løyvd med .....	100 800 000
3955	(nytt)	Equinor ASA:	
	96	Sal av aksjar, blir løyvd med .....	39 071 400 000
5325		Innovasjon Noreg:	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir redusert med ..... frå kr 63 300 000 000 til kr 61 650 000 000	1 650 000 000
	92	Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag, blir auka med ..... frå kr 34 400 000 til kr 47 600 000	13 200 000
5329		Eksportkredittordninga:	
	70	Gebyr m.m., blir auka med ..... frå kr 20 000 000 til kr 26 000 000	6 000 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 8 800 000 000 til kr 9 980 000 000	1 180 000 000
5440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsværksemda:	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	375 800 000 000
		2 Driftsutgifter	-56 700 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-1 700 000 000
		4 Avskrivningar	-27 600 000 000
		5 Renter av staten sin kapital	-2 700 000 000
			<u>287 100 000 000</u>

Kap.	Post	Formål	Kroner
	30	Avskrivningar, blir redusert med .....	1 800 000 000
		frå kr 29 400 000 000 til kr 27 600 000 000	
5460		Eksportfinansiering Norge:	
	50 (ny)	Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kortsiktig kredittforsikring, blir løyvd med .....	60 000 000
	53 (ny)	Tilbakeføring av tapsavsetjing under Luftfartsgarantiordninga, blir løyvd med .....	300 000 000
	77	Inntekter frå midlertidig lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina, blir redusert med .....	1 000 000
		frå kr 1 000 000 til kr 0	
	78	Inntekter frå midertidig lånegarantiordning i samband med høge straumprisar, blir redusert med .....	955 000
		frå kr 1 000 000 til kr 45 000	
	90	Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning, blir auka med .....	5 890 000 000
		frå kr 2 750 000 000 til kr 8 640 000 000	
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet:	
	74	Fiskeriforskingsavgift, blir redusert med .....	17 200 000
		frå kr 417 200 000 til kr 400 000 000	
	76	Kontrollavgift fiskeflåten, blir redusert med .....	3 000 000
		frå kr 54 500 000 til kr 51 500 000	
5613		Renter frå Siva SF:	
	80	Renter, blir auka med .....	9 000 000
		frå kr 11 700 000 til kr 20 700 000	
5614		Renter under Eksportfinansiering Noreg:	
	80	Renter frå lån til Alminneleg garantiordning, blir redusert med .....	36 000 000
		frå kr 221 000 000 til kr 185 000 000	
	81	Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA, blir auka med .....	26 800 000
		frå kr 68 000 000 til kr 94 800 000	
5625		Renter og utbytte frå Innovasjon Noreg:	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir auka med .....	40 000 000
		frå kr 500 000 000 til kr 540 000 000	
	82	Låneordning for pakkereisearrangørar – renter, blir auka med .....	1 200 000
		frå kr 3 400 000 til kr 4 600 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
5628	(nytt)	Renter frå Investinor:	
	80	Renter frå såkornfond, blir løyvd med .....	132 200 000
5629		Renter frå eksportkredittordninga:	
	80	Renter, blir auka med .....	140 000 000
		frå kr 830 000 000 til kr 970 000 000	

## II

## Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 940 Internasjonaliseringstiltak, post 70 Eksportfremjetiltak.

## III

## Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2023 kan:

1. gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
916		Kystverket	
	71	Tilskot til effektive og miljøvennlege hamner	145,7 mill. kroner
2421		Innovasjon Noreg	
	75	Grøn plattform	688,1 mill. kroner

2. gi tilsegn om tilskot til tapsavsetjing for norsk deltaking i InvestEU med inntil 1 538,4 mill. kroner under kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram, post 70 Tilskot, og fråvike stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av tilskot før det er behov for å dekkje de aktuelle utgiftene.

## IV

## Garantifullmakt

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet kan gi Eksportfinansiering Noreg fullmakt til å gi tilsegn om nye garantiar innanfor ei ramme for nye garantiar og gammalt ansvar på 3 150 mill. kroner ved eksport til og investeringar i utviklingsland, samt innanfor ein øvre rammebegrensing på sju gonger det som til all tid er inneståande beløp på ordninga sitt grunnfond. Av garantiramma kan inntil 630 mill. kroner nyttast i Ukraina utan krav om bankmedverknad.

=====